



Arkivnr: 2015/7668-1

Saksbehandlar: Torill Klinker

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		19.08.2015
Fylkesutvalet		26.08.2015

## **Endring av tollføresegna vedrørende provianteringsreglar - moglegheit for vogntog å nytta Fjord Line mellom Bergen og Stavanger. Høyringsinnspel frå Hordaland fylkeskommune.**

### Samandrag

Toll- og avgiftsdirektoratet lanserte juni 2015 eit høyringsframlegg som opnar for at vogntog kan nytta Fjord Line si rute mellom Bergen og Stavanger. Høyringsfrist er sett til 31. juli 2015.

Dagens praktisering av tollova er til hinder for at ulike rederi kan frakte last og / eller passasjerar på innanlands strekningar, og samstundes nytta ufortolla proviant. Slik er tollova også til hinder for at vogntog kan nytta Fjord Line si rute mellom Bergen og Stavanger. Toll- og avgiftsdirektoratet legg no fram utkast til endringar i tollføresegna som mogleggjer bruk av tollfri proviant for utanlands reisande, og opnar for at vogntog kan nytta sjøvegen mellom Bergen og Stavanger.

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet ser det som positivt at gods vert overført frå veg til sjø og sluttar seg til endringane i tollføresegna som opnar for at vogntog kan nytta Fjord Line si rute mellom Bergen og Stavanger.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Med heimel i sommerfullmakt i Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune – Reglement for fylkesutvalet pkt. 4, gjer eg vedtak i samsvar med fylkesrådmannen sitt forslag.

Bergen 21.07.2015

Tom-Christer Nilsen  
fylkesordførar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

*Vedlegg: Høyringsbrev og høyringsnotat frå Toll- og avgiftsdirektoratet*

## **Fylkesrådmannen, 21.07.2015**

Dagens tolllov regulerer bruk av tollfri proviant i utanriks fart på ein slik måte at den er til hinder for at vogntog kan nytta Fjord Line si rute i innanriks fart mellom Bergen og Stavanger.

Regelverket gjer at Fjord Line seglar med ledig kapasitet mellom vestlandsbyane tilsvarande 34 000 vogntog årlig, medan det mellom Stavanger og Hirtshals er fullt belegg på cargodekk.

Toll- og avgiftsdirektoratet legg no fram utkast til endringar av tollføresegna som gjer det mogleg for rederia å nytta tollfri proviant for utanlands reisande sjølv om det også vert frakta last og/eller passasjerar mellom innanlandske destinasjonar. Direktoratet forutset at servering av mat og drikke til passasjerar på innanlandske strekningar må skje inklusive toll og avgiftar, og at rederia har system som gjer det mogleg for tollstyresmaktene å føra kontroll med ordninga.

Fjord Line si rute til Danmark omfattar to nye og miljøvennlige cruiseferger, MS «Stavangerfjord», og MS «Bergensfjord». Begge nyttar flytende naturgass (LNG). Skipa trafikkerer linjene mellom Bergen, Stavanger og Hirtshals med daglege avgangar.

Etter fylkesrådmannen sitt syn vil ei opning for godstransport mellom Bergen og Stavanger på Fjord Line sine ruter medverka til reduserte klimautslepp, færre trafikkulukker, mindre trafikkbelastning på vegane og ein lettare kvardag for mange verksemder i regionen. Høyringsframlegget er også i tråd med nasjonale politiske føringar om å overføra gods frå veg til sjø.